

KOMMISJONSAVGJERD**2019/EØS/77/72****av 23. juni 2014****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til madrassar***[meld under nummeret K(2014) 4083]*

(2014/391/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 2,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 kan EU-miljømerket tildelast dei produkta som har ein redusert miljøverknad gjennom heile livssyklusen sin.
- 2) Ved forordning (EF) nr. 66/2010 vart det fastsett at det skal innførast særlege kriterium for tildeling av EU-miljømerket for kvar produktgruppe.
- 3) Ved kommisjonsvedtak 2009/598/EF⁽²⁾ vart det innført miljøkriterium og tilhøyrande krav til vurdering og kontroll for madrassar som er gyldige fram til 30. juni 2014.
- 4) For betre å spegle det aktuelle tekniske nivået på marknaden for denne produktgruppa, og for å ta omsyn til nyskapinga dei seinare åra, er det føremålstenleg å endre verkeområdet for produktgruppa og fastsetje reviderte miljøkriterium.
- 5) Dei reviderte kriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll bør gjelde i eit tidsrom på fire år frå datoen då denne avgjerda vert teken, samstundes som det vert teke omsyn til innovasjonssyklusen til denne produktgruppa. Desse kriteria skal føre til bruk av materiale som er produserte på ein meir berekraftig måte (ut frå ein livssyklusanalyse), avgrense bruken av farlege sambindingar og innhaldet av farlege restar, avgrense madrassane sin medverknad til innandørs luftreining og fremje eit slitesterkt produkt av høg kvalitet som det er lett å reparere og demontere.
- 6) Vedtak 2009/598/EF bør difor bytast ut med denne avgjerda.
- 7) Det bør innførast ein overgangsperiode for produsentar som har fått tildelt miljømerket for madrassar på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2009/598/EF, slik at dei får nok tid til å kunne tilpasse produkta sine til å vere i samsvar med dei reviderte kriteria og krava.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

1. Produktgruppa «madrassar» skal omfatte produkt som er laga av eit stofftrekk som er fylt med ulike materiale, og som kan plasserast i ei sengeramme med botn eller er utforma for frittstående plassering, med ei overflate som er meint til å sove eller kvile på innandørs.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 184 av 25.6.2014, s. 18, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 118/2015 av 30. april 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 42 av 4.8.2016, s. 74.

⁽¹⁾ TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

⁽²⁾ Kommisjonsvedtak 2009/598/EF av 9. juli 2009 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til madrassar (TEU L 203 av 5.8.2009, s. 65).

2. Produktgruppa omfattar ikkje sengebotnar av tre, polstra sengebotnar, luftmadrassar og vassmadrassar, og heller ikkje madrassar som er klassifiserte i medhald av rådsdirektiv 93/42/EØF⁽¹⁾.

Artikkel 2

I denne avgjerda tyder:

- 1) «barnemadrass» ein madrass som er kortare enn 1400 mm,
- 2) «stoff som det er mogleg å skilje ut» eit stoff som viser 80 % nedbryting av oppløyst organisk karbon innan 28 dagar ved bruk av ein av dei følgjande prøvingsmetodane: OECD 303A/B, ISO 11733,
- 3) «stoff med ibuande evne til biologisk nedbryting» eit stoff som viser 70 % nedbryting av oppløyst organisk karbon innan 28 dagar eller 60 % av teoretisk høgste oksygenvinn eller karbondioksidproduksjon innan 28 dagar, ved bruk av ein av dei følgjande prøvingsmetodane: ISO 14593, OECD 302 A, ISO 9887, OECD 302 B, ISO 9888, OECD 302 C,
- 4) «stoff med god evne til biologisk nedbryting» eit stoff som viser 70 % nedbryting av oppløyst organisk karbon innan 28 dagar eller 60 % av teoretisk høgste oksygenvinn eller karbondioksidproduksjon innan 28 dagar, ved bruk av ein av dei følgjande prøvingsmetodane: OECD 301 A, ISO 7827, OECD 301 B, ISO 9439, OECD 301 C, OECD 301 D, ISO 10708, OECD 301 E, OECD 301 F, ISO 9408,
- 5) «delvis flyktig organisk sambinding (SVOC)» alle organiske sambindingar som eluerer i ein gasskromatografikolonne mellom n-heksadekan (ekskludert) og n-dokosan (inkludert), med eit kokepunkt som er noko høgare enn 287 °C, der målinga vert gjord ved bruk av ein kapillærkolonne som er dekt med 5 % fenyl / 95 % metylpolysiloksan,
- 6) «svært flyktig organisk sambinding (VVOC)» alle organiske sambindingar som eluerer i ein gasskromatografikolonne før n-heksan, med eit kokepunkt som er noko lågare enn 68 °C, der målinga vert gjord ved bruk av ein kapillærkolonne som er dekt med 5 % fenyl / 95 % metylpolysiloksan,
- 7) «flyktig organisk sambinding (VOC)» alle organiske sambindingar som eluerer i ein gasskromatografikolonne mellom, og inkludert, n-heksan og n-heksadekan med eit kokepunkt på om lag mellom 68 °C og 287 °C, der målinga vert gjord ved bruk av ein kapillærkolonne som er dekt med 5 % fenyl / 95 % metylpolysiloksan.

Artikkel 3

For å kunne få tildelt EU-miljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 må eit produkt høyre inn under produktgruppa «madrassar» slik det er definert i artikkel 1 i denne avgjerda, og oppfylle dei kriteria og tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedlegget.

Artikkel 4

Kriteria for produktgruppa «madrassar» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde i fire år frå datoen då denne avgjerda vart teken.

Artikkel 5

For administrative føremål vert produktgruppa «madrassar» tildelt kodennummeret «014».

Artikkel 6

Vedtak 2009/598/EF vert oppheva.

⁽¹⁾ Rådsdirektiv 93/42/EØF av 14. juni 1993 om medisinsk utstyr (TEF L 169 av 12.7.1993, s. 1).

Artikkel 7

1. Som unntak frå artikkel 6 skal søknader om tildeling av EU-miljømerket til produkt som er omfatta av produktgruppa «madrassar» og er sende inn før datoen då denne avgjerda vart teken, vurderast i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i vedtak 2009/598/EF.

2. Søknader om tildeling av EU-miljømerket til produkt som er omfatta av produktgruppa «madrassar» og er sende inn seinast to månader etter datoen då denne avgjerda vart teken, kan vurderast anten på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2009/543/EF eller 2009/598/EF, eller dei kriteria som er fastsette i denne avgjerda.

Desse søknadene skal vurderast på grunnlag av dei kriteria som dei byggjer på.

3. Dersom EU-miljømerket er tildelt på grunnlag av ein søknad som er vurdert ut frå dei kriteria som er fastsette i vedtak 2009/598/EF, kan det nyttast i tolv månader frå datoen då denne avgjerda vart teken.

Artikkel 8

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfirda i Brussel 23. juni 2014.

For Kommisjonen

Janez POTOČNIK

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

MÅLSETJING

Krav til vurdering og kontroll

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er oppførte under kvart kriterium.

Når søkjaren skal leggje fram fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet oppfyller kriteria, kan dette kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar osv., alt etter korleis det høver.

Dei rette organa skal helst godkjenne prøvingar som er akkrediterte i samsvar med ISO 17025, og kontrollar som er utførte av organ som er akkrediterte i medhald av EN 45011 eller ein tilsvarande internasjonal standard.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er oppførte under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Det er ein føresetnad at produktet oppfyller alle lovfesta krav i staten eller statane der produktet skal bringast i omsetning. Søkjaren skal stadfeste at produktet oppfyller dette kravet.

KRITERIUM FOR EU-MILJØMERKET

Kriterium for tildeling av EU-miljømerket til madrassar:

1. Lateksskum
2. Polyuretanskum
3. Metalltråd og fjører
4. Kokosfibrar
5. Tekstilar (stoff og fibrar som vert nytta som trekk og/eller fyllmateriale til madrassar)
6. Lim og klebemiddel
7. Flammehemmarar
8. Biocid
9. Mjuknarar
10. Stoff og stoffblandingar som ikkje skal nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang
11. Utslepp av spesifiserte flyktige organiske sambindingar (SVOC, VOC og VVOC) frå madrassar
12. Teknisk yting
13. Utforming med sikte på demontering og materialattvinning
14. Opplysningar på EU-miljømerket
15. Tilleggsopplysningar til forbrukarane

Kriteria for tildeling av EU-miljømerket byggjer på dei produkta som har best miljøprestasjon på marknaden for madrassar.

Bruk av kjemikal og utslepp av ureinande stoff er ein del av produksjonsprosessen, men farlege stoff skal, så langt det er mogleg, ikkje nyttast, eller dei skal avgrensast til det minstemålet som er naudsynt for at madrassen skal fungere tilfredsstillande og samstundes oppfylle strenge krav til kvalitet og tryggleik. Difor kan det i særskilde høve gjevast unntak for visse stoff/stoffgrupper for ikkje å føre miljøbyrda over på andre fasar av livssyklusen eller på andre miljøverknader, og berre dersom det ikkje finst andre berekraftige alternativ på marknaden.

Kriterium 1. Lateksskum

Merknad: Dei følgjande krava treng berre vere oppfylte dersom lateksskum utgjer meir enn 5 % av den samla vekta til madrassen.

1.1. *Stoff som er underlagde restriksjonar*

Konsentrasjonane i lateksskum av dei stoffa som er nemnde nedanfor, skal ikkje overstige følgjande verdiar:

Stoffgruppe	Stoff	Grenseverdi (ppm)	Vilkår for vurdering og kontroll
Klorfenol	Mono- og diklorerte fenol (salt og esterar av dei)	1	A
	Andre klorfenol	0,1	A
Tungmetall	As (arsen)	0,5	B
	Cd (kadmium)	0,1	B
	Co (kobolt)	0,5	B
	Cr (krom), samla	1	B
	Cu (kopar)	2	B
	Hg (kvikksølv)	0,02	B
	Ni (nikkel)	1	B
	Pb (bly)	0,5	B
	Sb (antimon)	0,5	B
Pesticid(*)	Aldrin	0,04	C
	o,p-DDE	0,04	C
	p,p-DDE	0,04	C
	o,p-DDD	0,04	C
	p,p-DDD	0,04	C
	o,p-DDT	0,04	C
	p,p-DDT	0,04	C
	Diazinon	0,04	C
	Diklorfention	0,04	C
	Diklorvos	0,04	C
	Dieldrin	0,04	C

Stoffgruppe	Stoff	Grenseverdi (ppm)	Vilkår for vurdering og kontroll
	Endrin	0,04	C
	Heptaklor	0,04	C
	Heptaklorepoksid	0,04	C
	Heksaklorbenzen	0,04	C
	Heksaklorsyκλοheksan	0,04	C
	α -heksaklorsyκλοheksan	0,04	C
	β -heksaklorsyκλοheksan	0,04	C
	γ -heksaklorsyκλοheksan (Lindan)	0,04	C
	δ -heksaklorsyκλοheksan	0,04	C
	Malation	0,04	C
	Metoksiklor	0,04	C
	Mirex	0,04	C
	Parationetyl	0,04	C
	Parationmetyl	0,04	C
Andre særskilde stoff som er underlagde restriksjonar	Butadien	1	D

(*) Berre for skum som inneheld minst 20 vektprosent naturleg lateks.

Vurdering og kontroll:

- A. For klorfenol skal søkjaren leggje fram ein rapport som viser resultatane av følgjande prøvingsmetode: Ei prøve på 5 g skal malast opp, og klorfenol skal ekstraherast i form av fenol (PCP), natriumsalt (SPP) eller esterar. Ekstrakta skal analyserast ved bruk av gasskromatografi (GC). Påvising skal gjerast ved massespektrometri eller elektroninnfangingsdetektor (ECD).
- B. For tungmetall skal søkjaren leggje fram ein rapport som viser resultatane av følgjande prøvingsmetode: Ei oppmalen prøve vert eluert i samsvar med DIN 38414-S4 eller tilsvarende i tilhøvet 1:10. Filtratet av prøva skal filtrerast gjennom eit 0,45 μ m membranfilter (om naudsynt ved trykkfiltrering). Innhaldet av tungmetall i den filtrerte løysinga skal fastsetjast ved bruk av optisk emisjonsspektrometri med induktivt kopla plasma (ICP-OES), òg kalla atomemisjonsspektrometri med induktivt kopla plasma (ICP-AES), eller ved atomabsorpsjonsspektrometri med hydrid- eller kalddampeteknikk.
- C. For pesticid skal søkjaren leggje fram ein rapport som viser resultatane av følgjande prøvingsmetode: Ei prøve på 2 g vert ekstrahert i eit ultralydbad med ei blanding av heksan og diklormetan (85/15). Ekstraktet skal reinsast ved risting med acetonitril eller ved adsorpsjonskromatografi på florisil. Måling og mengdefastsetjing skal gjerast ved gasskromatografi med påvising ved elektroninnfangingsdetektor eller ved gasskromatografi kopla til massespektrometri. Prøving for pesticid er obligatorisk for lateksskum som inneheld minst 20 % naturleg lateks.

D. For butadien skal søkjaren leggje fram ein rapport som viser resultatane av følgjande prøvingsmetode: Etter oppmaling og veking av lateksskummet skal det gjerast ei «headspace»-prøvetaking. Innhaldet av butadien skal fastsetjast ved gasskromatografi og påvisast ved flammeionisasjon.

1.2. Utslepp av spesifiserte flyktige organiske sambindingar (SVOC, VOC og VVOC)

Konsentrasjonane i inneluft av dei stoffa som er nemnde nedanfor, utrekna ved forsøkskammermetoden, skal ikkje overstige dei følgjande verdiane etter eit tidsrom på 24 timar:

Stoff	Grenseverdi (mg/m ³)
1,1,1 — trikloretan	0,2
4-fenylsykloheksen	0,02
Karbondisulfid	0,02
Formaldehyd	0,005
Nitrosamin(*)	0,0005
Styren	0,01
Tetrakloretylen	0,15
Toluen	0,1
Triklloretylen	0,05
Vinylklorid	0,0001
Vinylsykloheksen	0,002
Aromatiske hydrokarbon (samla)	0,3
VOC (samla)	0,5

(*) N-nitrosodimetylamin (NDMA), N-nitrosodietylamin (NDEA), N-nitrosometyletylamin (NMEA), N-nitrosodi-i-propylamin (NDIPA), N-nitrosodi-n-propylamin (NDPA), N-nitrosodi-n-butylamin (NDBA), N-nitrosopyrrolidinon (NPYR), N-nitrosopiperidin (NPIP), N-nitrosomorfolin (NMOR).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein rapport som viser resultatane av følgjande prøvingsmetode: Det skal utførast ein forsøkskammeranalyse i samsvar med standarden ISO 16000-9. Den emballerte prøva skal lagrast ved romtemperatur i minst 24 timar. Etter dette tidsrommet skal prøva pakkast opp og overførast direkte til forsøkskammeret. Prøva skal plasserast i ein prøveholder slik at det kjem til luft på alle sider. Dei klimatiske faktorane skal justerast i samsvar med ISO 16000-9. For å kunne jamføre prøvingsresultata skal det spesifikke talet på luftvekslingar ($q = n/l$) vere 1. Luftvekslingstalet skal vere mellom 0,5 og 1. Prøvetakinga av luft skal startast 24 ± 1 timar etter at kammeret er fylt og skal gjerast ved bruk av DNPH-rør til analyse av formaldehyd og andre aldehyd, og ved bruk av Tenax TA til analyse av andre flyktige organiske sambindingar. Prøvetakinga av andre sambindingar kan vare lenger, men skal avsluttast innan 30 timar.

Analysen av formaldehyd og andre aldehyd skal vere i samsvar med standarden ISO 16000-3. Med mindre noko anna er fastsett, skal analysen av andre flyktige organiske sambindingar vere i samsvar med standarden ISO 16000-6.

Prøvingar som vert gjorde etter standarden CEN/TS 16516, skal reknast for å vere jamgode med dei som vert gjorde etter standardane i ISO 16000-serien.

Analysen av nitrosamin skal gjerast ved hjelp av gasskromatografi i kombinasjon med deteksjon ved termisk energianalyse (GC-TEA), i samsvar med BGI 505-23-metoden (tidlegare ZH 1/120.23) eller tilsvarende.

1.3. Fargestoff

Dersom det vert nytta fargestoff, skal kriterium 5.5 vere oppfylt.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram anten ei fråsegn frå produsenten av skummet om at fargestoff ikkje er nytta, eller, dersom det er nytta fargestoff, ei fråsegn om at dette kravet er oppfylt, saman med utfyllande dokumentasjon.

Kriterium 2. Polyuretanskum

Merknad: Dei følgjande krava treng berre vere oppfylte dersom polyuretanskum utgjer meir enn 5 % av den samla vekta til madrassen.

2.1. Stoff som er underlagde restriksjonar

Konsentrasjonane i polyuretanskum av dei stoffa som er nemnde nedanfor, skal ikkje overstige følgjande verdiar:

Stoffgruppe	Stoff (akronym, CAS-nummer, kjemisk symbol)	Grenseverdi	Vilkår for vurdering og kontroll
Biocid	Stoff som er underlagde restriksjonar i samsvar med kriterium 8.1	Ikkje medvite tilsette	A
Tungmetall	As (arsen)	0,2 ppm	B
	Cd (kadmium)	0,1 ppm	B
	Co (kobolt)	0,5 ppm	B
	Cr (krom), samla	1,0 ppm	B
	Cr VI (krom VI)	0,01 ppm	B
	Cu (kopar)	2,0 ppm	B
	Hg (kvikksølv)	0,02 ppm	B
	Ni (nikkel)	1,0 ppm	B
	Pb (bly)	0,2 ppm	B
	Sb (antimon)	0,5 ppm	B
	(Se) Selen	0,5 ppm	B

Stoffgruppe	Stoff (akronym, CAS-nummer, kjemisk symbol)	Grenseverdi	Vilkår for vurdering og kontroll
Mjuknarar	Di-isononylfталат (DINP, 28553-12-0)	0,01 vektprosent (w/w) (samla)	C
	Di-n-oktylfталат (DNOP, 117-84-0)		
	Di(2-etylheksyl)ftalat (DEHP, 117-81-7)		
	Di-isodecylftalat (DIDP, 26761-40-0)		
	Butylbenzylftalat (BBP, 85-68-7)		
	Dibutylftalat (DBP, 84-74-2)		
	Fталат	Ikkje medvite tilsette	A
TDA og MDA	2,4-toluendiamin (2,4-TDA, 95-80-7)	5,0 ppm	D
	4,4'-diaminodifenylmetan (4,4'-MDA, 101-77-9)	5,0 ppm	D
Tinnorganiske stoff	Tributyltinn (TBT)	50 ppb	E
	Dibutyltinn (DBT)	100 ppb	E
	Monobutyltinn (MBT)	100 ppb	E
	Tetrabutyltinn (TeBT)	—	—
	Monooktyltinn (MOT)	—	—
	Dioktyltinn (DOT)	—	—
	Trisykloheksyltinn (TcyT)	—	—
	Trifenyltinn (TPhT)	—	—
	Sum	500 ppb	E
Andre særskilde stoff som er underlagde restriksjonar	Klorerte eller bromerte dioksin eller furan	Ikkje medvite tilsette	A
	Klorerte hydrokarbon (1,1,2,2-tetrakloretan, pentakloretan, 1,1,2-trikloretan, 1,1-dikloretylen)	Ikkje medvite tilsette	A

Stoffgruppe	Stoff (akronym, CAS-nummer, kjemisk symbol)	Grenseverdi	Vilkår for vurdering og kontroll
	Klorerte fenol (PCP, TeCP, 87-86-5)	Ikkje medvite tilsette	A
	Heksaklorsyκλοheksan (58-89-9)	Ikkje medvite tilsett	A
	Monometyl-dibromdifenylmetan (99688-47-8)	Ikkje medvite tilsett	A
	Monometyl-diklordifenylmetan (81161-70-8)	Ikkje medvite tilsett	A
	Nitrittar	Ikkje medvite tilsette	A
	Polybromerte bifenyl (PBB, 59536-65-1)	Ikkje medvite tilsette	A
	Pentabromdifenyleter (PeBDE, 32534-81-9)	Ikkje medvite tilsett	A
	Oktabromdifenyleter (OBDE, 32536-52-0)	Ikkje medvite tilsett	A
	Polyklorete bifenyl (PCB, 1336-36-3)	Ikkje medvite tilsette	A
	Polyklorete terfenyl (PCT, 61788-33-8)	Ikkje medvite tilsette	A
	Tris(2,3-dibromopropyl)fosfat (TRIS, 126-72-7)	Ikkje medvite tilsett	A
	Trimetylfosfat (512-56-1)	Ikkje medvite tilsett	A
	Tris-aziridinyl-fosfinoksid (TEPA, 545-55-1)	Ikkje medvite tilsett	A
	Tris(2-kloretyl)fosfat (TCEP, 115-96-8)	Ikkje medvite tilsett	A
	Dimetylmetylfosfonat (DMMP, 756-79-6)	Ikkje medvite tilsett	A

Vurdering og kontroll:

- A. For biocid, ftalat og andre særskilde stoff som er underlagde restriksjonar, skal søkjaren leggje fram ei fråsegn som er underbygd med fråsegner frå produsentane av skummet, som stadfestar at dei stoffa som er oppførte i lista, ikkje medvite er vortne tilsette i skumsamansetnaden.
- B. For tungmetall skal søkjaren leggje fram ein rapport som viser resultatata av følgjande prøvingsmetode: Ei oppmalen prøve vert eluert i samsvar med DIN 38414-S4 eller tilsvarende i høvet 1:10. Filtratet vert filtrert gjennom eit 0,45 µm membranfilter (om naudsynt ved trykkfiltrering). Innhaldet av tungmetall i den filtrerte løysinga skal fastsetjast ved bruk av atomemisjonsspektrometri med induktivt kopla plasma (ICP-AES eller ICP-OES) eller ved atomabsorpsjonsspektrometri med hydrid- eller kalddampteknikk.
- C. For den samla mengda mjuknarar skal søkjaren leggje fram ein rapport som viser resultatata av følgjande prøvingsmetode: Prøva skal omfatte seks delar som skal takast frå under overflata på kvar side av prøva (ned til høgst to cm frå overflata). Ekstraksjon skal utførast med diklormetan ved bruk av ein validert metode, etterfølgd av analyse ved hjelp av gasskromatografi-massespektrometri (GC/MS) eller høgtrykksvæskeskromatografi (HPLC/UV).

- D. For TDA og MDA skal søkjaren leggje fram ein rapport som viser resultatane av følgjande prøvingsmetode: Prøva skal omfatte seks delar som skal takast frå under overflata på kvar side av prøva (ned til høgst to cm frå overflata). Ekstraksjon skal utførast med 1 % vassløysing av eddiksyre. Det skal utførast fire ekstraksjonar etter kvarandre på den same skumprøva, og høvet mellom vekta og volumet til prøva skal vere 1:5 i kvart tilfelle. Ekstrakta skal slåast saman, tynnast ut til eit kjent volum, filtrerast og analyserast ved hjelp av høgtrykksvæskrokromatografi (HPLC-UV) eller HPLC-MS. Dersom det er mistanke om forstyrringar under ein HPLC-UV-analyse, skal det utførast ein ny analyse ved hjelp av høgtrykksvæskrokromatografi-massespektrometri (HPLC-MS).
- E. For tinnorganiske stoff skal søkjaren leggje fram ein rapport som viser resultatane av følgjande prøvingsmetode: Prøva skal omfatte seks delar som skal takast frå under overflata på kvar side av prøva (ned til høgst to cm frå overflata). Ekstraksjonen skal utførast i éin time i ultralydbad ved romtemperatur. Ekstraksjonsmiddelet skal vere ei blanding med følgjande samansetnad: 1 750 ml metanol + 300 ml eddiksyre + 250 ml buffer (pH 4,5). Bufferen skal vere ei løysing med 164 g natriumacetat i 1 200 ml vatn og 165 ml eddiksyre, tynna ut med vatn til eit volum på 2 000 ml. Etter ekstraksjonen skal alkyltinnsambindingane derivatiserast ved å tilsetje ei løysing av natriumtetraetylborat i tetrahydrofuran (THF). Derivatet skal ekstraherast med n-heksan, og prøva skal ekstraherast på nytt. Dei to heksanekstrakta skal slåast saman og deretter nyttast til å fastsetje dei organiske tinnsambindingane ved gasskromatografi med masseselektiv deteksjon i SIM-innstilling.

2.2. Utslepp av spesifiserte flyktige organiske sambindingar (SVOC, VOC og VVOC)

Konsentrasjonane i inneluft av dei stoffa som er nemnde nedanfor, utrekna ved forsøkskammermetoden, skal ikkje overstige følgjande verdiar etter eit tidsrom på 72 timar:

Stoff (CAS-nummer)	Grenseverdi (mg/m ³)
Formaldehyd (50-00-0)	0,005
Toluen (108-88-3)	0,1
Styren (100-42-5)	0,005
Kvar sambinding som kan påvisast og er klassifisert i kategori C1A eller C1B i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008 ⁽¹⁾ .	0,005
Summen av alle sambindingar som kan påvisast og er klassifiserte i kategori C1A eller C1B i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008.	0,04
Aromatiske hydrokarbon	0,5
VOC (samla)	0,5

(1) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008 av 16. desember 2008 om klassifisering, merking og emballering av stoffer og stoffblandingar, om endring og oppheving av direktiv 67/548/EØF og 1999/45/EF, og om endring av forordning (EF) nr. 1907/2006 (TEU L 353 av 31.12.2008, s. 1).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein rapport som viser resultatane av følgjande prøvingsmetode: Skumprøva skal plasserast på botnen av eit utsleppsprøvekammer og kondisjonert i tre dagar ved 23 °C og 50 % relativt fuktinnhald, med eit luftvekslingstal n på 0,5 per time og ei fylling L av kammeret på 0,4 m²/m³ (= samla eksponert prøveoverflate i høve til dimensjonen utan forsegling av kantar og baksider) i samsvar med ISO 16000-9 og ISO 16000-11. Prøvetakinga skal utførast 72 ± 2 timar etter at kammeret er fylt og skal vere i éin time; det skal nyttast Tenax TA- og DNPH-rør til analyse av høvesvis flyktige organiske sambindingar og formaldehyd. Utsleppa av VOC vert fanga i Tenax TA-adsorbenttrøyr og deretter analyserte ved hjelp av varmedesorpsjon og gasskromatografi med tilkopla masseselektiv detektor (GC-MS) i samsvar med ISO 16000-6. Resultata vert uttrykte semikvantitativt som toluenekvivalentar. Alle spesifiserte einskildkomponentar med ein konsentrasjon ≥ 1 µg/m³ skal rapporterast. Den samla VOC-verdien er summen av alle komponentar som har ein konsentrasjon ≥ 1 µg/m³ og eluerer i «retensjonsvindaug» frå og med n-heksan (C6) til og med n-heksadekan (C16). Summen av alle sambindingar som kan påvisast

og er klassifiserte som kategori C1A eller C1B i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, er lik summen av alle dei stoffa som har ein konsentrasjon $\geq 1 \mu\text{g}/\text{m}^3$. Dersom prøvingsresultata overstig dei gjeldande grenseverdiane, må kvart einskilt stoff mengdefastsetjast. Mengda formaldehyd kan fastsetjast ved å samle opp prøvetakingslufta på DNPH-røyr og deretter analysere henne ved hjelp av HPLC/UV i samsvar med ISO 16000-3.

Prøvingar som vert gjorde etter standarden CEN/TS 16516, skal reknast for å vere jamgode med dei som vert gjorde etter standardane i ISO 16000-serien.

Merknad:

- Volumet til forsøkskammeret skal vere 0,5 eller 1 m³.
- Éi prøve (25 cm × 20 cm × 15 cm) skal nyttast i eit forsøkskammer på 0,5 m³, ståande vertikalt på ei av dei sidene som måler 20 cm × 15 cm.
- To prøver (25 cm × 20 cm × 15 cm) skal nyttast i eit forsøkskammer på 1 m³, ståande vertikalt på ei av dei sidene som måler 20 cm × 15 cm; i dette tilfellet skal begge prøvene plasserast i eit forsøkskammer med 15 cm seg imellom.

2.3. Fargestoff

Dersom det vert nytta fargestoff, skal kriterium 5.5 vere oppfylt.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram anten ei fråsegn frå produsenten av skummet om at fargestoff ikkje er nytta, eller, dersom det er nytta fargestoff, ei fråsegn om at dette kravet er oppfylt, saman med utfyllande dokumentasjon.

2.4. Samla klorinnhald i isocyanat

Dersom isomerblandingar av toluendiisocyanat (TDI) vert nytta i framstillinga av polyuretanskummet, skal det samla klorinnhaldet i desse isocyanata ikkje overstige 0,07 vektprosent.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram anten ei fråsegn frå produsenten av skummet om at fargestoff ikkje er nytta, eller resultatata av prøvingar som er utførte i samsvar med ASTM D4661-93 eller tilsvarende.

2.5. Ekspansjonsmiddel

Halogenerte organiske sambindingar skal ikkje nyttast som ekspansjonsmiddel eller hjelpe-ekspansjonsmiddel.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn frå produsenten av skummet om at slike sambindingar ikkje er nytta.

Kriterium 3. Metalltråd og fjører

Merknad: Dei følgjande krava treng berre vere oppfylte dersom metalltråd og fjører utgjer meir enn 5 % av den samla vektta til madrassen.

3.1. Avfeiting

Dersom organiske løysemiddel vert nytta til avfeiting og/eller reinsing av metalltråd og/eller fjører, skal det nyttast eit lukka reinsings-/avfeitingssystem.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette frå produsenten av metalltråden og/eller fjørene.

3.2. Galvanisering

Overflata til fjørene skal ikkje vere galvaniserte.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om dette frå produsenten av metalltråden og/eller fjørene.

Kriterium 4. Kokosfibrar

Merknad: Dei følgjande krava treng berre vere oppfylte dersom kokosfibrar utgjer meir enn 5 % av den samla vekten til madrassen.

Dersom kokosfibrane er gummierte med lateks, skal det takast omsyn til kriteria for lateksskum.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram anten ei fråsegn om at gummierte kokosfibrar ikkje er nytta, eller dei prøvingsrapportane som krevst for lateksskum i kriterium 1.

Kriterium 5. Tekstilar (stoff og fibrar som vert nytta som trekk og/eller fyllmateriale til madrassar)

Merknader:

- 1) Alle krava (5.1–5.11) til madrassstrekk (dvs. bolster) skal oppfyllest.
- 2) Fyllmateriale (dvs. polstring) skal oppfylle krav 5.1. Dersom ull er nytta som fyllmateriale, skal krav 5.1, 5.2 og 5.8 oppfyllest.
- 3) Alle tekstilar som har fått tildelt EU-miljømerket i medhald av kommisjonsvedtak 2014/350/EU⁽¹⁾, vert automatisk rekna for å oppfylle krav 5.1, 5.2, 5.3, 5.4, 5.5, 5.6, 5.7, 5.8, 5.10 og 5.11. For at madrassar skal få tildelt EU-miljømerket, må det likevel kunne påvisast at madrassstrekket òg oppfyller kriterium 5.9.

5.1. Allmenne krav til farlege stoff (medrekna flammehemmarar, biocid og mjuknarar) (gjeld alle tekstilar)

Alle tekstilar: Alle tekstilar skal oppfylle kriterium 7 (flammehemmarar), 8 (biocid), 9 (mjuknarar) og 10 (farlege stoff).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med den utfyllande dokumentasjonen som krevst i det høvesvise kriteriet (7, 8, 9 og 10).

5.2. Hjelpstoff som vert nytta i stoffblandingar og samansetnader (gjeld trekk som er laga av alle typar fibrar, og fyllmateriale som er laga av ull)

Alle trekk: Følgjande stoff skal ikkje nyttast i stoffblandingar eller samansetnader som vert nytta i produksjonen av madrassstrekk. Grenseverdiar for førekomst av alkylfenol og alkylfenoletoksylat (APEO) på trekket skal oppfyllest.

Fyllmateriale av ull: Alkylfenol og alkylfenoletoksylat skal ikkje nyttast i stoffblandingar eller samansetnader som vert nytta i produksjonen av fyllmateriale av ull, og grenseverdiar for førekomst av desse stoffa i fyllmaterialet skal oppfyllest.

Stoff (CAS-nummer/akronym)	Grenseverdi (mg/kg)	Vilkår for vurdering og kontroll
Alkylfenol: — Nonylfenol, isomerblandingar (25154-52-3) — 4-nonylfenol (104-40-5) — 4-nonylfenol, forgreina (84852-15-3) — Oktylfenol (27193-28-8) — 4-oktylfenol (1806-26-4) — 4-tert-oktylfenol (140-66-9)	25 (til saman)	A
Alkylfenoletoksylat (APEO) og derivat av dei — Polyoksytylert oktylfenol (9002-93-1) — Polyoksytylert nonylfenol (9016-45-9) — Polyoksytylert p-nonylfenol (26027-38-3)		

⁽¹⁾ Kommisjonsvedtak 2014/350/EF av 5. juni 2014 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til tekstilprodukter (TEU L 174 av 13.6.2014, s. 45).

Stoff (CAS-nummer/akronym)	Grenseverdi (mg/kg)	Vilkår for vurdering og kontroll
Bis(hydrogenert talgalkyl)dimetylammoniumklorid (DTDMAC)	Ikkje nytta	B
Distearyldimetylammoniumklorid (DSDMAC)		
Di(herda talg)dimetylammoniumklorid (DHTDMAC)		
Etylendiamintetraacetat (EDTA)		
Dietyltriampinpentaacetat (DTPA)		
4-(1,1,3,3,-tetrametylbutyl)fenol		
1-metyl-2-pyrrolidon		
Nitrioltri-eddiksyre (NTA)		

Vurdering og kontroll:

- A. Søkjaren skal leggje fram ein rapport som viser resultatata av prøvinga av sluttproduktet; prøvinga skal gjerast ved løysemiddelekstraksjon etterfølgd av væskrokromatografi–massespektrometri (LC–MS).
- B. Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn frå leverandøren om at desse stoffa ikkje er nytta, underbygd med tryggleiksdatablad for alle stadia i produksjonen.

5.3. Overflateaktive stoff, blautgjeringsmiddel og kompleksdannarar som vert nytta ved våthandsaming (gjeld trekk som er laga av alle typar fibrar)

Alle overflateaktive stoff, blautgjeringsmiddel og kompleksdannarar: Minst 95 vektprosent av overflateaktive stoff, blautgjeringsmiddel og kompleksdannarar skal oppfylle eitt av følgjande vilkår:

- dei skal ha god evne til biologisk nedbryting under aerobe tilhøve,
- dei skal ha ibuande evne til biologisk nedbryting eller vere moglege å skilje ut i reinseanlegg.

Ikkje-ioniske og kationiske overflateaktive stoff: Alle ikkje-ioniske og kationiske overflateaktive stoff skal òg ha god evne til biologisk nedbryting under anaerobiske tilhøve.

Den seinaste revisjonen av databasen for delemne i vaskemiddel bør nyttast som referanse for evne til biologisk nedbryting.

http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/documents/did_list/didlist_part_a_en.pdf

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram høveleg dokumentasjon i form av tryggleiksdatablad og fråsegner frå leverandørar.

For alle overflateaktive stoff, blautgjeringsmiddel og kompleksdannarar skal dette underbyggjast med resultat frå relevante OECD- eller ISO-prøvingar med omsyn til

- god evne til biologisk nedbryting (OECD 301 A, ISO 7827, OECD 301 B, ISO 9439, OECD 301 C, OECD 301 D, ISO 10708, OECD 301 E, OECD 301 F, ISO 9408)
- ibuande evne til biologisk nedbryting (ISO 14593, OECD 302 A, ISO 9887, OECD 302 B, ISO 9888, OECD 302 C)
- evne til fjerning (OECD 303A/B, ISO 11733)

For ikkje-ioniske og kationiske overflateaktive stoff skal dette underbyggjast med resultat frå relevante OECD- eller ISO-prøvingar (ISO 11734, ECETOC nr. 28 (juni 1988), OECD 311).

5.4. Bleiking av masse, garn, stoff og sluttprodukt (gjeld trekk som er laga av alle typar fibrar)

Klorhaldige middel skal ikkje nyttast til bleiking av garn, stoff eller sluttprodukt, bortsett frå kunstige cellulosefibrar.

Masse som vert nytta i framstillinga av kunstige cellulosefibrar (til dømes viskose), skal bleikjast utan bruk av elementært klor. Den samla mengda klor og organisk bunde klor i dei ferdige fibrane (OX) skal ikkje overstige 150 ppm, og mengda i spillvatn frå produksjon av masse (AOX) skal ikkje overstige 0,170 kg/tonn lufttørka masse (ADt).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn frå leverandøren om at klorerte bleikjemiddel ikkje er nytta.

For kunstige cellulosefibrar skal søkjaren leggje fram ein prøvingsrapport som viser at anten OX-kravet eller AOX-kravet er oppfylt ved bruk av ein høveleg prøvingsmetode:

- OX: ISO 11480 (kontrollert forbrenning og mikrocoulometri)
- AOX: ISO 9562

5.5. Fargestoff (gjeld trekk som er laga av alle typar fibrar)

Følgjande restriksjonar gjeld for fargestoff:

Bruk av fargestoff i tekstilar skal òg oppfylle kriterium 10 om farlege stoff, og dermed gjeld òg dei tilhøyrande vilkåra for unntak. Vilkåra for unntak gjeld handsaming av fargestoff i fargeriet, fargingsprosessen og fjerning av farge frå spillvatn frå fargerier.

Stoffgruppe	Kriterium	Vurdering og kontroll
i) Halogenerte berestoff	Dersom det vert nytta dispersjonsfargestoff, skal halogenerte fargingsakseleratorar (berestoff) ikkje nyttast til farging av fibrar av polyester, akryl eller polyamid eller stoff som er laga av desse fibrane, eller blandingar av polyester og ull (døme på berestoff er 1,2-diklorbenzen, 1,2,4-triklorbenzen og klorfenoksyetanol).	A
ii) Azofargestoff	Azofargestoff som kan spaltast til aromatiske amin, og som ein veit er kreftframkallande, skal ikkje nyttast i fibrar av akryl, bomull, polyamid og ull, eller i stoff som er laga av desse fibrane. Grenseverdien for innhaldet av kvart arylamin i sluttproduktet skal vere 30 mg/kg.	B
	Arylamin	CAS-nummer
	4-aminobifenyl	92-67-1
	Benzidin	92-87-5
	4-klor-o-toluidin	95-69-2
	2-naftylamin	91-59-8
	o-amino-azotoluen	97-56-3
	2-amino-4-nitrotoluen	99-55-8
	p-kloranilin	106-47-8
	2,4-diaminanol	615-05-4

Stoffgruppe	Kriterium		Vurdering og kontroll
	4,4'-diaminodifenylmetan	101-77-9	
	3,3'-diklorbenzidin	91-94-1	
	3,3'-dimetoksybenzidin	119-90-4	
	3,3'-dimetylbenzidin	119-93-7	
	3,3'-dimetyl-4,4'-diamindifenylmetan	838-88-0	
	p-kresidin	120-71-8	
	4,4'-metylen-bis-(2-kloranilin)	101-14-4	
	4,4'-oksydianilin	101-80-4	
	4,4'-tiodianilin	139-65-1	
	o-toluidin	95-53-4	
	2,4-diaminotoluen	95-80-7	
	2,4,5-trimetylanilin	137-17-7	
	o-anisidin (2-metoksyanilin)	90-04-0	
	2,4-xylidin	95-68-1	
	2,6-xylidin	87-62-7	
	4-aminoazobenzen	60-09-3	
	Ei rettleiande liste over azofargestoff som kan spaltast til arylamin, følgjer nedanfor.		
	Dispersjonsfargestoff som kan spaltast til aromatiske amin		
	Disperse Orange 60	Disperse Yellow 7	
	Disperse Orange 149	Disperse Yellow 23	
	Disperse Red 151	Disperse Yellow 56	
	Disperse Red 221	Disperse Yellow 218	
	Basiske fargestoff som kan spaltast til aromatiske amin		
	Basic Brown 4	Basic Red 114	
	Basic Red 42	Basic Yellow 82	
	Basic Red 76	Basic Yellow 103	
	Basic Red 111		

Stoffgruppe	Kriterium		Vurdering og kontroll
	Syrefarvestoff som kan spaltast til aromatiske amin		
	CI Acid Black 29	CI Acid Red 24	CI Acid Red 128
	CI Acid Black 94	CI Acid Red 26	CI Acid Red 115
	CI Acid Black 131	CI Acid Red 26:1	CI Acid Red 128
	CI Acid Black 132	CI Acid Red 26:2	CI Acid Red 135
	CI Acid Black 209	CI Acid Red 35	CI Acid Red 148
	CI Acid Black 232	CI Acid Red 48	CI Acid Red 150
	CI Acid Brown 415	CI Acid Red 73	CI Acid Red 158
	CI Acid Orange 17	CI Acid Red 85	CI Acid Red 167
	CI Acid Orange 24	CI Acid Red 104	CI Acid Red 170
	CI Acid Orange 45	CI Acid Red 114	CI Acid Red 264
	CI Acid Red 4	CI Acid Red 115	CI Acid Red 265
	CI Acid Red 5	CI Acid Red 116	CI Acid Red 420
	CI Acid Red 8	CI Acid Red 119:1	CI Acid Violet 12
	Direktefarvestoff som kan spaltast til aromatiske amin		
	Direct Black 4	Basic Brown 4	Direct Red 13
	Direct Black 29	Direct Brown 6	Direct Red 17
	Direct Black 38	Direct Brown 25	Direct Red 21
	Direct Black 154	Direct Brown 27	Direct Red 24
	Direct Blue 1	Direct Brown 31	Direct Red 26
	Direct Blue 2	Direct Brown 33	Direct Red 22
	Direct Blue 3	Direct Brown 51	Direct Red 28
	Direct Blue 6	Direct Brown 59	Direct Red 37
	Direct Blue 8	Direct Brown 74	Direct Red 39
	Direct Blue 9	Direct Brown 79	Direct Red 44
	Direct Blue 10	Direct Brown 95	Direct Red 46
	Direct Blue 14	Direct Brown 101	Direct Red 62
	Direct Blue 15	Direct Brown 154	Direct Red 67

Stoffgruppe	Kriterium			Vurdering og kontroll
	Direct Blue 21	Direct Brown 222	Direct Red 72	
	Direct Blue 22	Direct Brown 223	Direct Red 126	
	Direct Blue 25	Direct Green 1	Direct Red 168	
	Direct Blue 35	Direct Green 6	Direct Red 216	
	Direct Blue 76	Direct Green 8	Direct Red 264	
	Direct Blue 116	Direct Green 8,1	Direct Violet 1	
	Direct Blue 151	Direct Green 85	Direct Violet 4	
	Direct Blue 160	Direct Orange 1	Direct Violet 12	
	Direct Blue 173	Direct Orange 6	Direct Violet 13	
	Direct Blue 192	Direct Orange 7	Direct Violet 14	
	Direct Blue 201	Direct Orange 8	Direct Violet 21	
	Direct Blue 215	Direct Orange 10	Direct Violet 22	
	Direct Blue 295	Direct Orange 108	Direct Yellow 1	
	Direct Blue 306	Direct Red 1	Direct Yellow 24	
	Direct Brown 1	Direct Red 2	Direct Yellow 48	
	Direct Brown 1:2	Direct Red 7		
	Direct Brown 2	Direct Red 10		
iii) CMR-fargestoff	Fargestoff som er kreftframkallande, arvestoffskadelege eller reproduksjonstoksiske, skal ikkje nyttast i fibrar og stoff.			A
	Fargestoff som er kreftframkallande, arvestoffskadelege eller reproduksjonstoksiske	CAS-nummer		
	C.I. Acid Red 26	3761-53-3		
	C.I. Basic Red 9	569-61-9		
	C.I. Basic Violet 14	632-99-5		
	C.I. Direct Black 38	1937-37-7		
	C.I. Direct Blue 6	2602-46-2		
	C.I. Direct Red 28	573-58-0		
	C.I. Disperse Blue 1	2475-45-8		
	C.I. Disperse Orange 11	82-28-0		
	C.I. Disperse Yellow 3	2832-40-8		

Stoffgruppe	Kriterium	Vurdering og kontroll																																												
iv) Fargestoff som kan vere sensibiliserande	Fargestoff som kan vere sensibiliserande, skal ikkje nyttast i fibrar av akryl, polyamid eller polyester, eller i stoff som er laga av desse fibrane.	A																																												
	<table border="1"> <thead> <tr> <th data-bbox="416 405 799 501">Dispersjonsfargestoff som kan vere sensibiliserande</th> <th data-bbox="804 405 1177 501">CAS-nummer</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td data-bbox="416 508 799 560">C.I. Disperse Blue 1</td> <td data-bbox="804 508 1177 560">2475-45-8</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 566 799 618">C.I. Disperse Blue 3</td> <td data-bbox="804 566 1177 618">2475-46-9</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 624 799 676">C.I. Disperse Blue 7</td> <td data-bbox="804 624 1177 676">3179-90-6</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 683 799 734">C.I. Disperse Blue 26</td> <td data-bbox="804 683 1177 734">3860-63-7</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 741 799 792">C.I. Disperse Blue 35</td> <td data-bbox="804 741 1177 792">12222-75-2</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 799 799 851">C.I. Disperse Blue 102</td> <td data-bbox="804 799 1177 851">12222-97-8</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 857 799 909">C.I. Disperse Blue 106</td> <td data-bbox="804 857 1177 909">12223-01-7</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 916 799 967">C.I. Disperse Blue 124</td> <td data-bbox="804 916 1177 967">61951-51-7</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 974 799 1025">C.I. Disperse Brown 1</td> <td data-bbox="804 974 1177 1025">23355-64-8</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1032 799 1084">C.I. Disperse Orange 1</td> <td data-bbox="804 1032 1177 1084">2581-69-3</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1090 799 1142">C.I. Disperse Orange 3</td> <td data-bbox="804 1090 1177 1142">730-40-5</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1149 799 1200">C.I. Disperse Orange 37</td> <td data-bbox="804 1149 1177 1200">12223-33-5</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1207 799 1258">C.I. Disperse Orange 76</td> <td data-bbox="804 1207 1177 1258">13301-61-6</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1265 799 1317">C.I. Disperse Red 1</td> <td data-bbox="804 1265 1177 1317">2872-52-8</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1323 799 1375">C.I. Disperse Red 11</td> <td data-bbox="804 1323 1177 1375">2872-48-2</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1382 799 1433">C.I. Disperse Red 17</td> <td data-bbox="804 1382 1177 1433">3179-89-3</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1440 799 1491">C.I. Disperse Yellow 1</td> <td data-bbox="804 1440 1177 1491">119-15-3</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1498 799 1550">C.I. Disperse Yellow 3</td> <td data-bbox="804 1498 1177 1550">2832-40-8</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1556 799 1608">C.I. Disperse Yellow 9</td> <td data-bbox="804 1556 1177 1608">6373-73-5</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1615 799 1666">C.I. Disperse Yellow 39</td> <td data-bbox="804 1615 1177 1666">12236-29-2</td> </tr> <tr> <td data-bbox="416 1673 799 1724">C.I. Disperse Yellow 49</td> <td data-bbox="804 1673 1177 1724">54824-37-2</td> </tr> </tbody> </table>	Dispersjonsfargestoff som kan vere sensibiliserande	CAS-nummer	C.I. Disperse Blue 1	2475-45-8	C.I. Disperse Blue 3	2475-46-9	C.I. Disperse Blue 7	3179-90-6	C.I. Disperse Blue 26	3860-63-7	C.I. Disperse Blue 35	12222-75-2	C.I. Disperse Blue 102	12222-97-8	C.I. Disperse Blue 106	12223-01-7	C.I. Disperse Blue 124	61951-51-7	C.I. Disperse Brown 1	23355-64-8	C.I. Disperse Orange 1	2581-69-3	C.I. Disperse Orange 3	730-40-5	C.I. Disperse Orange 37	12223-33-5	C.I. Disperse Orange 76	13301-61-6	C.I. Disperse Red 1	2872-52-8	C.I. Disperse Red 11	2872-48-2	C.I. Disperse Red 17	3179-89-3	C.I. Disperse Yellow 1	119-15-3	C.I. Disperse Yellow 3	2832-40-8	C.I. Disperse Yellow 9	6373-73-5	C.I. Disperse Yellow 39	12236-29-2	C.I. Disperse Yellow 49	54824-37-2	A
Dispersjonsfargestoff som kan vere sensibiliserande	CAS-nummer																																													
C.I. Disperse Blue 1	2475-45-8																																													
C.I. Disperse Blue 3	2475-46-9																																													
C.I. Disperse Blue 7	3179-90-6																																													
C.I. Disperse Blue 26	3860-63-7																																													
C.I. Disperse Blue 35	12222-75-2																																													
C.I. Disperse Blue 102	12222-97-8																																													
C.I. Disperse Blue 106	12223-01-7																																													
C.I. Disperse Blue 124	61951-51-7																																													
C.I. Disperse Brown 1	23355-64-8																																													
C.I. Disperse Orange 1	2581-69-3																																													
C.I. Disperse Orange 3	730-40-5																																													
C.I. Disperse Orange 37	12223-33-5																																													
C.I. Disperse Orange 76	13301-61-6																																													
C.I. Disperse Red 1	2872-52-8																																													
C.I. Disperse Red 11	2872-48-2																																													
C.I. Disperse Red 17	3179-89-3																																													
C.I. Disperse Yellow 1	119-15-3																																													
C.I. Disperse Yellow 3	2832-40-8																																													
C.I. Disperse Yellow 9	6373-73-5																																													
C.I. Disperse Yellow 39	12236-29-2																																													
C.I. Disperse Yellow 49	54824-37-2																																													
v) Krombeisfargestoff	Krombeisfargestoff skal ikkje nyttast i fibrar av polyamid eller ull eller i stoff som er laga av desse fibrane.	A																																												
vi) Metall-kompleksfargestoff	Metallkompleksfargestoff som er baserte på kopar, krom eller nikkel, skal berre tillatast til farging av ull og polyamid eller av blandingar av desse fibrane og kunstige cellulosefibrar (til dømes viskose).	A																																												

Vurdering og kontroll:

- A. Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn frå leverandøren om at desse stoffa ikkje er nytta, underbygd med tryggleiksdatablad.
- B. Søkjaren skal leggje fram ein rapport som viser resultatane av prøvinga av sluttproduktet. Innhaldet av azofargestoff i sluttproduktet skal prøvast i samsvar med EN 14362-1 og 14362-3. Grenseverdien er 30 mg/kg for kvart arylamin. (NB: Falske positive reaksjonar kan oppstå ved førekomst av 4-aminoazobenzen, og difor bør resultatet stadfestast.)

5.6. Metall som kan ekstraherast (gjeld trekk som er laga av alle typar fibrar)

Følgjande grenseverdiar skal nyttast:

Metall	Grenseverdiar (mg/kg)	
	Trekk til barnemadrassar	Alle andre produkt
Antimon (Sb)	30,0	30,0
Arsen (As)	0,2	1,0
Kadmium (Cd)	0,1	0,1
Krom (Cr)		
— Tekstilar som er farga med metallkompleksfargestoff	1,0	2,0
— Alle andre tekstilar	0,5	1,0
Kobolt (Co)		
— Tekstilar som er farga med metallkompleksfargestoff	1,0	4,0
— Alle andre tekstilar	1,0	1,0
Kopar (Cu)	25,0	50,0
Bly (Pb)	0,2	1,0
Nikkel (Ni)		
— Tekstilar som er farga med metallkompleksfargestoff	1,0	1,0
— Alle andre tekstilar	0,5	1,0
Kvikksølv (Hg)	0,02	0,02

Vurdering og kontroll: For å vise at grenseverdiene er etterlevde, skal søkjaren leggje fram ein rapport med resultatane av prøvinga av sluttproduktet. Prøvingane skal omfatte ekstraksjon i samsvar med ISO 105-E04 (sur løysing med sveitte) og påvising med massespektrometri med induktivt kopla plasma (ICP-MS) eller optisk emisjonsspektrometri med induktivt kopla plasma (ICP-OES, òg kalla ICP-AES).

5.7. Vass-, flekk- og oljeavstøytande middel (gjeld trekk som er laga av alle typar fibrar)

Det skal ikkje nyttast fluorerte vass-, flekk- og oljeavstøytande middel. Dette omfattar handsaming med perfluorert og polyfluorert karbon.

Ikkje-fluorerte middel skal ha god evne til biologisk nedbryting og ikkje vere bioakkumulerande i vassmiljøet, medrekna i vassediment. Dei skal dessutan oppfylle kriterium 10 om farlege stoff.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn frå leverandøren om at desse stoffa ikkje er nytta, underbygd med tryggleiksdatablad, og det skal påvisast at kriterium 10 om farlege stoff er oppfylt.

5.8. *Utslepp av spillvatn frå våhandsaming (gjeld trekk som er laga av alle typar fibrar, og fyllmateriale som er laga av ull)*

Utslepp av spillvatn i miljøet skal ikkje overstige 20 g KOF/kg handsama tekstil. Dette kravet gjeld veving, farging, trykking og etterhandsaming i samband med framstillinga av produktet/produkta. Målinga i samband med dette kravet skal gjerast nedstraums for det interne reinseanlegget på handsamingsanlegget eller nedstraums for det eksterne reinseanlegget som tek imot spillvatn frå handsamingsanlegget.

Dersom spillvatnet vert reinsa i anlegget og sleppt rett ut i overflatevatn, skal det oppfylle følgjande krav:

- i) ein pH-verdi mellom 6 og 9 (med mindre pH-verdien til resipientvatnet ligg utanfor dette området)
- ii) ein temperatur på mindre enn 35 °C (med mindre resipientvatnet har ein høgare temperatur enn dette)

Dersom det krevst fargefjerning, ifølgje eit av vilkåra for unntak frå kriterium 10 a), skal følgjande spektrale absorpsjonskoeffisientar oppfyllest:

- i) 7 m⁻¹ ved 436 nm (gul sektor)
- ii) 5 m⁻¹ ved 525 nm (raud sektor)
- iii) 3 m⁻¹ ved 620 nm (blå sektor)

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram utførleg dokumentasjon og prøvingsrapportar der ISO 6060 er nytta til fastsetjing av KOF og ISO 7887 til fastsetjing av farge, og som viser at dette kriteriet er oppfylt, på grunnlag av månadlege gjennomsnitt for dei siste seks månadene før søknaden vart send inn, saman med ei fråsegn om at kriteriet er oppfylt. Det skal gå fram av opplysningane at produksjonsanlegget, eller reinseanlegget dersom spillvatnet vert handsama utanfor produksjonsanlegget, oppfyller kriteriet.

5.9. *Mekanisk motstandsevne (gjeld trekk som er laga av alle typar fibrar)*

Madrasstrekk skal ha tilfredsstillande mekaniske eigenskapar som er definerte i følgjande prøvingsstandardar:

Eigenskap	Krav	Prøvingsmetode
Rivestyrke	Vovne stoff ≥ 15 N Fiberstoff ≥ 20 N Strikka stoff: ikkje relevant	ISO 13937-2 (vovne stoff) ISO 9073-4 (fiberstoff)
Gliding langs saum	Vovne stoff ≥ 16 innslagstrådar: høgst 6 mm Vovne stoff ≥ 16 innslagstrådar: høgst 10 mm Strikka stoff og fiberstoff: ikkje relevant	ISO 13936-2 (ved ei kraft på 60 N for alle vovne stoff)
Strekfastleik	Vovne stoff ≥ 350 N Strikka stoff og fiberstoff: ikkje relevant	ISO 13934-1

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram rapportar som viser resultatane av prøvingar som er gjorde i samsvar med ISO 13937-2 eller ISO 9073-4 for rivestyrke, ISO 13936-2 (ved ei kraft på 60 N) for gliding langs saum og ISO 13934-1 for strekkfastleik.

5.10. *Levetid for flammehemmande verknad (gjeld trekk som er laga av alle typar fibrar)*

Trekk som kan takast av og vaskast, skal ha like god funksjonalitet etter 50 vaske- og tørkesyklusar ved minst 75 °C. Trekk som ikkje er meinte for å takast av og vaskast, skal ha like god funksjonalitet etter ei blautleggingsprøving.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram rapportar frå prøvingar som er gjorde i samsvar med følgjande standardar, alt etter kva som høver:

- ISO 6330 i kombinasjon med ISO 12138 for hushaldsvaskeprogram og ISO 10528 for industrivaskeprogram for trekk som kan takast av og vaskast.
- BS 5651 eller tilsvarende for trekk som ikkje er meinte for å takast av og vaskast.

5.11. Dimensjonsendring (gjeld trekk som kan takast av, og som er laga av alle typar fibrar)

For madrassstrekk som kan takast av og vaskast, skal dimensjonsendringa etter vasking og tørking ved temperaturar og tilhøve som tilsvarar anten hushaldsvask eller industrivask, ikkje overstige følgjande verdiar:

- Vovne stoff: $\pm 3\%$
- Fiberstoff: $\pm 5\%$

Dette kriteriet gjeld berre for stoff som vert marknadsførte som «vaskbare».

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram prøvingsrapportar som viser til relevante standardar. ISO 6330 i kombinasjon med EN 25077 skal nyttast som prøvingsmetode. Med mindre det står andre opplysningar på trekket, skal standardtilhøva vere: vask 3A (60 °C), tørking C (flat tørking) og stryking i høve til stoffsamansetnaden.

Kriterium 6. Lim og klebemiddel

Lim som inneheld organiske løysemiddel, skal ikkje nyttast. Lim og klebemiddel som vert nytta i samanføyinga av produktet, skal dessutan oppfylle kriterium 10 om farlege stoff.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at desse stoffa ikkje er nytta, eller ei fråsegn frå leverandøren, saman med utfyllande dokumentasjon, og det skal påvissast at kriterium 10 om farlege stoff er oppfylt.

Kriterium 7. Flammehemmarar

Følgjande flammehemmarar skal ikkje medvite tilsetjast produktet, artiklar som inngår i produktet eller homogene delar av det:

Namn	CAS-nummer	Akronym
Dekabromdifenyleter	1163-19-5	dekaBDE
Heksabromsyklododekan	25637-99-4	HBCD/HBCDD
Oktabromdifenyleter	32536-52-0	oktaBDE
Pentabromdifenyleter	32534-81-9	pentaBDE
Polybromerte bifenyl	59536-65-1	PBB
Klorerte parafinar med kort kjedelengd (C10-C13)	85535-84-8	SCCP
Tris(2,3-dibromopropyl)fosfat	126-72-7	TRIS
Tris(2-kloretyl)fosfat	115-96-8	TCEP
Tris(aziridinyl)fosfinoksid	545-55-1	TEPA

All bruk av flammehemmarar skal oppfylle kriterium 10 om farlege stoff.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram, og syte for at leverandørane legg fram, ei fråsegn som stadfestar at flammehemmarane i lista ikkje er tilsette produktet, artiklar som inngår i produktet eller homogene delar av det. Det skal òg leggast fram ei liste over stoff som er tilsette for å betre dei flammehemmande eigenskapane, der konsentrasjonar og tilhøyrande fare- og risikosetningar òg er oppførte, og det skal påvissast at kriterium 10 om farlege stoff er oppfylt.

Kriterium 8. Biocid

8.1. Produksjon

Bruken av aktive stoff i biocidproduktet skal vere godkjend i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 528/2012⁽¹⁾ (liste er tilgjengeleg på http://ec.europa.eu/environment/biocides/annexi_and_ia.htm) og oppfylle kriterium 10 om farlege stoff.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram anten ei fråsegn om at aktive biocidstoff ikkje er nytta, eller prov på at bruken av biocid er godkjend i medhald av forordning (EU) nr. 528/2012. Det skal òg leggjast fram ei liste over biocidprodukt som er tilsette produktet, der konsentrasjonar og tilhøyrande fare- og risikoseiningar òg er oppførte, og det skal påvisast at kriterium 10 er oppfylt.

8.2. Transport

Klorfenol (salt og esterar av dei), polyklorerte bifenyli (PCB) og organiske tinnsambindingar (medrekna TBT, TPhT, DBT og DOT) og dimetylfumarat (DMFu) skal ikkje nyttast under transport eller lagring av produktet, artikkelar som inngår i produktet eller homogene delar av det.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram, og syte for at leverandørane legg fram, ei fråsegn som stadfestar at stoffa i lista ikkje er nytta under transport eller lagring av produktet, artikkelar som inngår i produktet eller homogene delar av det. Det skal òg leggjast fram ei liste over biocidprodukt som er tilsette produktet, der konsentrasjonar og tilhøyrande fare- og risikoseiningar òg er oppførte, og det skal påvisast at kriterium 10 er oppfylt.

Kriterium 9. Mjuknarar

Følgjande mjuknarar skal ikkje medvite tilsetjast produktet, artikkelar som inngår i produktet eller homogene delar av det:

Namn	CAS-nummer	Akronym
Di-isononylfthalat(*)	28553-12-0; 68515-48-0	DINP
Di-n-oktylfthalat	117-84-0	DNOP
Di(2-etylheksyl)ftalat	117-81-7	DEHP
Di-isodecylftalat(*)	26761-40-0; 68515-49-1	DIDP
Butylbenzylftalat	85-68-7	BBP
Dibutylftalat	84-74-2	DBP
Diisobutylftalat	84-69-5	DIBP
1,2-bensendikarboksylysyre, di-C6-C8-forgreina alkylesterar, C7-rike	71888-89-6	DIHP
1,2-bensendikarboksylysyre, di-C7-C11-forgreina alkylesterar, C7-rike	68515-42-4	DHNUP
Di-n-heksylftalat	84-75-3	DHP
Di(2-metoksyetyl)ftalat	117-82-8	DMEP

(*) Berre for barnemadrassar.

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 528/2012 av 22. mai 2012 om tilgjengeliggjoring på markedet og bruk av biocidprodukt (TEU L 167 av 27.6.2012, s. 1).

Det samla innhaldet av forbodne mjuknarar skal vere mindre enn 0,10 vektprosent. All bruk av mjuknarar skal oppfylle kriterium 10 om farlege stoff.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram, og syte for at leverandørane legg fram, ei fråsegn som stadfestar at stoffa i lista ikkje er nytta i produktet, i artiklar som inngår i produktet eller i homogene delar av det. Det kan krevjast tryggleiksdatablad for tilverkinga av polymerar for å stadfeste at stoffa i lista ikkje er nytta i produktet. Det skal òg leggjast fram ei liste over mjuknarar som er tilsette produktet, der konsentrasjonar og tilhøyrande fare- og risikoseiningar òg er oppførte, og det skal påvisast at kriterium 10 er oppfylt. Det kan krevjast ytterlegare verifisering av det samla innhaldet av ftalat i samsvar med ISO 14389 dersom kvaliteten på opplysningane ikkje er rekna som tilstrekkeleg.

Kriterium 10. Stoff og stoffblandingar som ikkje skal nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang

a) Farlege stoff og stoffblandingar

EU-miljømerket kan ikkje tildelast dersom eit produkt eller ein artikkel som inngår i produktet, slik det er definert i artikkel 3 nr. 3 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006⁽¹⁾, eller i ein homogen del av produktet, inneheld eit stoff eller ei stoffblanding som oppfyller kriteria for klassifisering med dei fare- eller risikoseiningane som er oppførte i tabellen nedanfor, i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008 eller rådsdirektiv 67/548/EØF⁽²⁾, eller inneheld eit stoff eller ei stoffblanding som er nemnd i artikkel 57 i forordning (EF) nr. 1907/2006, med mindre det er gjeve eit særskilt unntak.

Dei nyaste klassifiseringsreglane som Unionen har vedteke, skal ha førerang framfor dei oppførte fareklassane og risikoseiningane. Søkjarar skal difor syte for at alle klassifiseringar byggjer på dei nyaste klassifiseringsreglane.

Fareklassane og risikoseiningane i tabellen nedanfor vert som regel nytta om stoff. Dersom det ikkje er mogleg å få opplysningar om stoffa, skal klassifiseringsreglane for stoffblandingar nyttast.

Bruken av stoff eller stoffblandingar som endrar eigenskapane sine ved behandling (slik at dei til dømes ikkje lenger er biotilgjengelege, eller slik at dei endrar seg kjemisk) på ein slik måte at dei påviste farane ikkje lenger ligg føre, er ikkje omfatta av krava som er nemnde ovanfor. Dette gjeld til dømes modifiserte polymerar og monomerar eller tilsetjingsstoff som vert kovalent bundne i overtrekk av plast.

Faresetning ^(a)	Risikoseining ^(b)
H300 Dødeleg ved svelging	R 28
H301 Giftig ved svelging	R25
H304 Kan vere dødeleg ved svelging dersom det kjem ned i luftvegane	R65
H310 Dødeleg ved hudkontakt	R27
H311 Giftig ved hudkontakt	R24
H330 Dødeleg ved innanding	R23/26
H331 Giftig ved innanding	R23
H340 Kan føre til genetiske skadar	R46
H341 Mistenkt for å kunne gje genetiske skadar	R68

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006 av 18. desember 2006 om registrering, vurdering og godkjenning av samt begrensninger for kjemikalier (REACH), om opprettelse av et europeisk kjemikaliebyrå, om endring av direktiv 1999/45/EF og om oppheving av rådsforordning (EØF) nr. 793/93 og kommisjonsforordning (EF) nr. 1488/94 samt rådsdirektiv 76/769/EØF og kommisjonsdirektiv 91/155/EØF, 93/67/EØF, 93/105/EF og 2000/21/EF (TEU L 396 av 30.12.2006, s. 1).

⁽²⁾ Rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlige stoffer (TEF 196 av 16.8.1967, s. 1).

Faresetning ^(a)	Risikosegning ^(b)
H350 Kan føre til kreft	R45
H350i Kan føre til kreft ved innanding	R49
H351 Mistenkt for å kunne føre til kreft	R40
H360F Kan skade forplantingsevna.	R60
H360D Kan gje fosterskadar	R61
H360FD Kan skade forplantingsevna. Kan gje fosterskadar	R60/61/60-61
H360Fd Kan skade forplantingsevna Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R60/63
H360Df Kan gje fosterskadar. Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna	R61/62
H361f Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna	R62
H361d Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R63
H361fd Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R62-63
H362 Kan skade barn som vert amma	R64
H370 Fører til organskadar	R39/23/24/25/26/27/28
H371 Kan føre til organskadar	R68/20/21/22
H372 Fører til organskadar	R48/25/24/23
H373 Kan føre til organskadar	R48/20/21/22
H400 Svært giftig for liv i vatn	R50
H410 Svært giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	R50-53
H411 Giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	R51-53
H412 Skadeleg, med langtidsverknad, for liv i vatn	R52-53
H413 Kan føre til skadelege langtidsverknader for liv i vatn	R53
EUH059 Farleg for ozonlaget	R59
EUH029 Ved kontakt med vatn vert det utvikla giftig gass	R29
EUH031 Ved kontakt med syre vert det utvikla giftig gass	R31
EUH032 Ved kontakt med syre vert det utvikla svært giftig gass	R32

Faresetning ^(a)	Risikosetning ^(b)
EUH070 Giftig ved kontakt med auga	R39-41
H317 (underkategori 1A): Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon (utløysande konsentrasjon $\geq 0,1$ % w/w) ^(c)	R43
H317 (underkategori 1B): Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon (utløysande konsentrasjon $\geq 1,0$ % w/w) ^(c)	
H334 Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding	R42

Merknader

^(a) I samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008.

^(b) I samsvar med direktiv 67/548/EØF og direktiv 2006/121/EF og 1999/45/EF.

^(c) I samsvar med kommisjonsforordning (EU) nr. 286/2011 av 10. mars 2011 om endring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008 om klassifisering, merking og emballering av stoffer og stoffblandinger for å tilpasse den til den tekniske og vitenskapelige utvikling (TEU L 83 av 30.3.2011, s. 1).

I samsvar med artikkel 6 nr. 7 i forordning (EF) nr. 66/2010 og i samsvar med dei vilkåra for unntak som er oppførte nedanfor, har følgjande stoff fått særskilt unntak frå krava i kriterium 10 a). For kvart stoff skal alle vilkåra for unntak vere oppfylte for dei oppførte fareklassifiseringane.

Stoff/stoffgrupper	Klassifisering med unntak	Vilkår for unntak
Antimontrioksid — ATO	H351	ATO skal nyttast som katalysator i polyester eller som synergist i flammehemmarar i overtrekk på baksida av tekstilar. På arbeidsplassar der ATO vert nytta, skal grenseverdien for åtte timars eksponering i arbeidet vere på 0,5 mg/m ³ .
Nikkel	H317, H351, H372	Nikkel skal inngå i rustfritt stål.
Fargestoff til farging og pigmentfri trykking av tekstilar	H301, H311, H331, H317, H334 H411, H412, H413	Farger og trykkeri skal nytte fargesamsetnader som ikkje støvar, eller automatisk dosering og tilsetjing av fargar, slik at arbeidstakarane vert minst mogleg eksponerte. Bruken av reaktive fargestoff, direktefargestoff, kypefargestoff og svovelfargestoff med desse klassifiseringane skal oppfylle minst eitt av vilkåra nedanfor: — bruk av fargestoff med høg affinitet — bruk av fargeavstemmingsutstyr — bruk av standardiserte framgangsmåtar for farging — bruk av fargefjerning i reinsinga av spillvatn (sjå kriterium 5.8) — bruk av fargeløysingar — bruk av digital trykking med blekk Bruk av fargeløysingar og/eller digital trykking er ikkje omfatta av desse vilkåra.

Stoff/stoffgrupper	Klassifisering med unntak	Vilkår for unntak
Flammehemmarar som vert nytta i tekstilar	H317 (1B), H373, H411, H412, H413	Produktet skal vere utforma slik at det oppfyller krava til brannvern i ISO- eller EN-standardane, standardar og reglar i medlemsstatane eller reglar og standardar for offentlege innkjøp. Produktet skal oppfylle krava til levetid for funksjonen (sjå kriterium 5.10).
Optiske kvitgjeringsmiddel	H411, H412, H413	Optiske kvitgjeringsmiddel skal berre nyttast som tilsetjingsstoff ved framstilling av akryl-, polyamid- og polyesterfibrar.
Vass-, smuss- og flekkavstøytande middel	H413	Det avstøytande middelet og nedbrytingsprodukta av det skal ha god evne til biologisk nedbryting og ikkje vere bioakkumulerande i vassmiljøet, medrekna i vassediment.
Hjelpestoff som vert nytta i tekstilar (medrekna berestoff, utjamningsmiddel, dispergeringsmiddel, overflateaktive stoff, fortjukkingmiddel og bindemiddel)	H301, H371, H373, H334, H411, H412, H413, EUH070 H311, H331, H317 (1B)	Samansetnadene skal tilverkast ved å nytte automatiske doseringssystem, og prosessane skal vere i samsvar med standardiserte framgangsmåtar. Restmengder av hjelpestoff med desse klassifiseringane skal ikkje vere å finne i sluttproduktet i konsentrasjonar som er høgare enn 1,0 vektprosent (w/w).
Lim og klebemiddel	H304, H341, H362, H371, H373, H400, H410, H411, H412, H413, EUH059, EUH029, EUH031, EUH032, EUH070, H317, H334	Lim og klebemiddel skal oppfylle vilkåra i kriterium 6.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei liste over materiala i produktet, medrekna ei liste over alle artiklar som inngår i produktet og homogene delar av det.

Søkjaren skal kontrollere om produktet inneheld stoff eller stoffblandingar som kan verte klassifiserte med dei fare- eller risikoseiningane som er oppførte i ovanfor i dette kriteriet. Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at produktet, alle artiklar som inngår i produktet eller alle homogene delar av det oppfyller kriterium 10 a).

Søkjarane skal velje dei kontrollmåtane som eignar seg best. Dei viktigaste kontrollmåtane er følgjande:

- Artiklar som er framstilte etter ein særskilt kjemisk samansetnad (til dømes lateks- og polyuretanskum): Det skal leggjast fram tryggleiksdatablad for den ferdige artikkelen eller for dei stoffa eller stoffblandingane som utgjer minst 0,10 vektprosent (w/w) av den ferdige artikkelen.
- Homogene delar og tilhøyrande handsaming eller ureiningar (til dømes plast- og metalldelar): Det skal leggjast fram tryggleiksdatablad for dei materiala som finst i denne delen av produktet, og for stoff og stoffblandingar som er nytta ved samansetnad og handsaming av dei materiala som finst att i den ferdige delen i konsentrasjonar over 0,10 vektprosent (w/w).
- Kjemiske samansetnader som vert nytta til å gje produktet eller tekstildelane av produktet ein særskild funksjon (til dømes lim og klebemiddel, flammehemmarar, biocid, mjuknarar og fargestoff): Det skal leggjast fram tryggleiksdatablad for stoff og stoffblandingar som er nytta i samanføringa av sluttproduktet, eller for stoff og stoffblandingar som er nytta i tekstildelar under framstilling, farging, trykking eller etterhandsaming, og som finst att i tekstildelane.

Fråsegna skal innehalde tilhøyrande dokumentasjon, til dømes samsvarsfråsegner som er underteikna av leverandørane, som viser at ingen av stoffa, stoffblandingane eller materiala er klassifiserte i nokon av dei fareklassane som er knytte til fare- eller risikosegningane i lista ovanfor i samsvar med forordning (EF) nr. 1272/2008, i den grad dette er mogleg å slå fast, som eit minstemål ut ifrå dei opplysningane som oppfyller krava i vedlegg VII til forordning (EF) nr. 1907/2006.

Opplysningane som vert gjevne, skal gjelde dei formene eller fysiske tilstandane i stoffet eller stoffblandingane som vert nytta i sluttproduktet.

Følgjande tekniske opplysningar skal leggjast fram som støtte til fråsegna om klassifisering eller ingen klassifisering av kvart stoff eller kvar stoffblanding:

- i) For stoff som ikkje er registrerte i samsvar med forordning (EF) nr. 1907/2006, eller som enno ikkje har ei harmonisert CLP-klassifisering: Opplysningar som oppfyller krava i vedlegg VII til den nemnde forordninga.
- ii) For stoff som er registrerte i samsvar med forordning (EF) nr. 1907/2006, og som ikkje oppfyller krava til CLP-klassifisering: Opplysningar som byggjer på registreringsdokumentasjonen i REACH, og som stadfestar at stoffet ikkje er klassifisert.
- iii) For stoff som har ei harmonisert klassifisering eller er sjølvklassifiserte: Eventuelle tilgjengelege tryggleiksdatablad. Dersom det ikkje ligg føre tryggleiksdatablad, eller dersom stoffet er sjølvklassifisert, skal det leggjast fram opplysningar om fareklassifiseringa til stoffet i samsvar med vedlegg II til forordning (EF) nr. 1907/2006.
- iv) For stoffblandingar: Eventuelle tilgjengelege tryggleiksdatablad. Dersom det ikkje ligg føre tryggleiksdatablad, skal det leggjast fram ei utrekning av klassifiseringa av blandinga i samsvar med føresegnene i forordning (EF) nr. 1907/2006, saman med opplysningar om fareklassifiseringa i samsvar med vedlegg II til forordning (EF) nr. 1907/2006.

Tryggleiksdatablad skal utarbeidast i samsvar med retningslinjene i avsnitt 10, 11 og 12 i vedlegg II til forordning (EF) nr. 1907/2006 (krav til utarbeiding av tryggleiksdatablad). Ufullstendige tryggleiksdatablad skal utfyllast med fråsegner frå kjemikalleverandørar.

Opplysningar om dei ibuande eigenskapane til stoffa kan skaffast fram på andre måtar enn ved prøvingar, til dømes ved bruk av alternative metodar som in vitro-metodar, kvantitative strukturaktivitetsmodellar eller gruppering av eller jamføring med stoff som har same struktur, i samsvar med vedlegg XI til forordning (EF) nr. 1907/2006. Utveksling av relevante data i forsyningskjeda vert tilrådd på det sterkaste.

Dersom det vert nytta stoff som er omfatta av unntak, skal desse stoffa nemnast spesifikt, og det skal leggjast fram underlagsdokument som viser korleis vilkåra for unntak er oppfylte.

b) *Stoff som er oppførte i samsvar med artikkel 59 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1907/2006*

Det skal ikkje gjevast unntak frå forbodet i artikkel 6 nr. 6 i forordning (EF) nr. 66/2010 for stoff som gjev svært stor grad av uro og er oppførte i lista i artikkel 59 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1907/2006, og som finst i stoffblandingar, i ein artikkel som inngår i produktet eller i ein homogen del av det i konsentrasjonar som er høgare enn 0,10 vektprosent (w/w).

Vurdering og kontroll: Tilvising til den seinaste lista over stoff som gjev svært stor grad av uro, skal gjerast på søknadsdatoen. Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at produktet oppfyller kravet i kriterium 10 b), saman med tilhøyrande dokumentasjon, medrekna samsvarsfråsegner som er underteikna av leverandørane av materiala, og kopiar av relevante tryggleiksdatablad for stoff eller stoffblandingar i samsvar med vedlegg II til forordning (EF) nr. 1907/2006. Konsentrasjonsgrensene for stoff og stoffblandingar skal vere oppførte i tryggleiksdatablada i samsvar med artikkel 31 i forordning (EF) nr. 1907/2006.

Kriterium 11. Utslepp av spesifiserte flyktige organiske sambindingar (SVOC, VOC og VVOC) frå madrassar

Utslepp av VOC frå madrassar til inneluft skal ikkje overstige dei sluttverdiene som er oppførte nedanfor, i eit tidsrom på sju, alternativt 28 dagar.

Verdiane vert rekna ut etter utsleppskammermetoden og med tilvising til det europeiske referanserommet og i samsvar med dokumentet «Health-related Evaluation Procedure for Volatile Organic Compounds Emissions from Building Products», som er utarbeidd av AgBB (2012-versjonen er tilgjengeleg på http://www.umweltbundesamt.de/sites/default/files/medien/377/dokumente/agbb_evaluation_scheme_2012.pdf).

Stoff	Sluttverdi dag 7	Sluttverdi dag 28
Formaldehyd	< 0,06 mg/m ³	< 0,06 mg/m ³
Andre aldehyd	< 0,06 mg/m ³	< 0,06 mg/m ³
VOC (samla)	< 0,5 mg/m ³	< 0,2 mg/m ³
SVOC (samla)	< 0,1 mg/m ³	< 0,04 mg/m ³
Kvar sambinding som kan påvisast og er klassifisert i kategori C1A eller C1B i samsvar med rådsforordning (EF) nr. 1272/2008.	< 0,001 mg/m ³	< 0,001 mg/m ³

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal utføre ein prøvekammeranalyse i samsvar med standarden EN ISO 16000-9. Analysen av formaldehyd og andre aldehyd skal vere i samsvar med standarden ISO 16000-3. Analysen av andre flyktige organiske sambindingar skal vere i samsvar med standarden ISO 16000-6. Prøvingar som vert gjorde etter standarden CEN/TS 16516, skal reknast for å vere jamgode med dei som vert gjorde etter standardane i ISO 16000-serien.

Prøvingsresultata skal reknast ut for eit spesifikt tal på luftvekslingar «q» = 0,5 m³/m²h, som tilsvarar ein lastfaktor «L» på 1 m²/m³ og eit luftvekslingstal «n» på 0,5 per time. I alle desse tilfella skal det arealet som vert nytta til utrekning av lastfaktoren, vere den samla overflata av alle sidene (oversida, undersida og kantane) av madrassen. Prøvinga skal utførast på ein heil madrass. Dersom dette av ein eller annan grunn ikkje er mogleg, kan ein av dei følgjande framgangsmåtane nyttast:

1. Prøvinga vert utført på ein representativ del av madrassen (til dømes ein halvdel, ein firedel eller ein åttedel). Kantar som er kutta, skal forseglast på ein høveleg måte slik at dei er lufttette. For å få ei nøktern vurdering av kva konsentrasjonsverdiar som kan ventast for heile madrassen, kan dei konsentrasjonane som er målte for prøva, aukast i volum (dvs. ved å multiplisere utsleppa med ein faktor på to, fire eller åtte).
2. Prøvinga vert utført på kvar einskild del som inngår i madrassen. For å få ei nøktern vurdering av kva konsentrasjonsverdiar som kan ventast for heile madrassen, kan dei verdiane som er målte for kvar einskild komponent, leggjast saman ved bruk av formelen $C_M = \sum \omega_i \cdot C_i$, der

— «C_M» (µg·m⁻³) er det samla utsleppet frå heile madrassen,

— «C_i» (µg·m⁻³·kg_i⁻¹) er utsleppet per masseining for del «i» som utgjer ein del av madrassen, og

— «ω_i» (kg_i) er vekta til del «i» i heile madrassen.

Utsleppa frå alle delane av madrassen skal leggjast saman utan å ta omsyn til eventuelle adsorpsjons- eller sperreverknader (verst tenkjelege tilfelle).

Kriterium 12. Teknisk yting12.1. *Kvalitet*

Madrassen skal utformast på ein slik måte at han utgjer eit kvalitetsprodukt som oppfyller behova til forbrukarane når det vert bringa i omsetning.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein rapport som viser kva framgangsmåte som er nytta og kva tiltak som er gjorde for å sikre eit produkt som har høg kvalitet, som har visse funksjonelle eigenskapar og som oppfyller krava til velvære med omsyn til temperatur og fukt. Det bør takast omsyn til følgjande: Forsking og utvikling, val av materiale, interne framgangsmåtar for prøving og kontroll med sikte på å påvise at produktet oppfyller krava til funksjonelle eigenskapar og til velvære med omsyn til temperatur og fukt.

12.2. *Levetid*

Madrassar skal ha følgjande funksjonelle eigenskapar:

- Høgdetap < 15 %
- Fastleikstap < 20 %

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport med resultatane av prøving etter prøvingsmetoden EN 1957. Tapet av høgd og fastleik svarar til skilnaden mellom dei innleiande målingane (etter 100 syklusar) og målingane etter motstandsstyrkeprøva (etter 30 000 syklusar).

12.3. *Garanti*

Garantidokumentasjonen skal innehalde ei liste over tilrådingar om korleis madrassen skal nyttast, haldast ved lag og slutthandsamast. Madrassen skal ha ein garanti som er gyldig i minst ti år. Dette kravet gjeld ikkje for barnemadrassar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon som viser at det finst ei garantiordning.

Kriterium 13. Utforming med sikte på demontering og materialattvinning

Produsenten skal vise at madrassen kan demonterast for å

- reparere og skifte ut utslitne delar
- oppgradere gamle og forelda delar
- skilje frå kvarandre delar og materiale for eventuell resirkulering

Vurdering og kontroll: Saman med søknaden skal det leggjast fram ein rapport som inneheld nærmare opplysningar om demontering av madrassen og eventuell slutthandsaming av kvar del. Demonteringa kan til dømes gjerast lettare ved at madrassen vert sydd saman i staden for limt, nytte trekk som kan takast av og ved å produsere alle homogene delar av eitt og same materiale som kan resirkulerast.

Kriterium 14. Opplysningar på EU-miljømerket

EU-miljømerket kan nyttast både på emballasjen og produktet. Dersom det valfrie merket med tekstfelt vert nytta, skal det innehalde følgjande tekst:

- «Produkt av høg kvalitet og med lang levetid»
- «Avgrensa bruk av farlege stoff»
- «Reduserer innandørs luftureining»

Følgjande tekst skal òg vere påført:

«Nettstaden <http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/> inneheld fleire opplysningar om kvifor dette produktet er tildelt EU-miljømerket»

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med synleg dokumentasjon på dette.

Kriterium 15. Tilleggsopplysningar til forbrukarane

Søkjaren skal i skriftleg eller audiovisuelt format leggje fram for forbrukarane ei liste over tilrådingar om korleis madrassen skal nyttast, haldast ved lag og slutthandsamast.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med visuell dokumentasjon.
